

Hyttfeltet på Rød er eit steg nærare realisering.

30.11.2020



Skissen syner det regulerte hyttfeltet på indre Rød med tilhøyrande naust.

Hyttfeltet på Rød, med ein lang historikk, er eit seg nærare realisering. Det føreligg søknad om oppstart av opparbeiding av veg, VA anlegg og planering av tomter slik reguleringsplanen syner. Søknaden gjeld også opparbeiding av veg og planering av tomter til regulerte naust. Hyttfeltet Rødshagen har gards- og bruksnummer 121/22. Det er teikna inn 9 hyttetomter og 7 nausttomter.

Det var Voss Bygg som i si tid kjøpte eit areal på ca, 12 dekar, utskild frå bruket der Anlaug Rød bur i dag. Det var i 1979. Den gongen var det planlagd bustadfelt. Firma gjekk konkurs og lenge var det uvisst om det vart noko utbygging.

I dag er det Tungesvik Bygg AS som er tiltakshavar. Ansvarleg søkjar er Byggadministrasjon Harald Bjørndalen AS. Tiltaket no handlar som sagt om opparbeiding og tilrettelegging før tomtosal. Avkøyrsla til Fylkesveg 48 er i samsvar med godkjend reguleringsplan, der ein også vil ta med vegen frå Anne Kristin Bondhus, som er nabo til hyttefeltet.

Vasstilførsla skal sikrast med brunn/ borehol.

Naustplanen er ein del av hyttefeltet. Nausta er knytte opp til hyttetomtene. Det vert med andre ord hytter med tilhøyrande naust.

Tiltaket er varsla på vanleg måte med nabovarsel.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal